

Frå J til A

KJÆRE ALEKSANDER

Eg tenkte vi to kunne skrive e-post med kvarandre. Det er du som står øvst til høgre på klassebiletet, ikkje sant? Mange i klassen syntest det var teit å skulle brevveksle med ein i ein annan sjetteklasse, nokon dei ikkje kjende i det heile. Eg synest det er fint.

Eg heiter Julie. Eg bur på ein liten stad i Trøndelag. Eg har ein veslebror som heiter Espen. Han er seks år.

Kva driv du med? Har du hund? Eg har ein collie som heiter Tussi. Du har masse frekner, ikkje sant? Eg synest frekner er fint. Eg veit ikkje korleis eg skal forklare kven eg er. Eg har langt brunt hår og blå augo. Det veit du jo frå biletet. Men bortsett frå det. Korleis er eg? Korleis er du?

Når eg kjem heim frå skulen, plar eg høyre på radio. Det er stille i huset før mamma og pappa og veslebror kjem heim.

No veit eg ikkje om meir å skrive. Håper du vil svare meg.

Helsing Julie





TIL ALEKSANDER

Så fint at du svarte så raskt!

Når eg kjem heim frå skulen, skal eg lese e-posten din ein gong til. Det er akkurat som om eg snakkar med deg heile tida, på skulebussen, i timane, overalt.

Tenk at det ikkje er nokon snø hos dykk. Tvedestrand er jo ganske langt sør.

Det er akkurat som om eg har kjent deg lenge, heilt frå vi var barn, eller noko sånt. Kva er det første du hugsar? Eg hugsar at eg ville begynne i barnehage. Eg hugsar å ha sett inn i barnehagen og at eg ville begynne der. Men eg hugsar ikkje korleis vi hadde det heime. Eg trur det er heilt vanleg hos oss. Korleis er det hos dykk?

Eg har lyst til å bli ordentleg kjend med deg, kanskje vi kan treffast ein gong?

Skriv snart

Helsing Julie

KJÆRE ALEKSANDER

Takk for brevet ditt. Eg trudde aldri du skulle skrive til meg meir sidan det tok så lang tid, men så har du jo vore sjuk. Alle dei andre i klassen har sete i norsktimane og skrive utanom meg. Men no er eg berre glad, veldig glad. Når eg kjem heim, skal eg låst som om Tussi er deg, og kysse henne på snuten. Det høyrest fint ut å vere med i ein gjeng. Eg har ikkje så mange venner lenger. Sjølv om alt er riktig, verkar det som om noko er feil, og eg veit ikkje kva det er.

Har du nokon gong gått deg vill i skogen?

Eg tenkjer at du har gått deg vill, og at eg finn deg. Du har skadd foten og sit under eit tre.

Julie

KJÆRE ALEKSANDER

Nokre gonger, når det går fleire dagar før eg får e-post frå deg, så tenkjer eg at du ikkje finst meir. Så kjem brevet ditt, og eg blir glad.

Eg visste ikkje at mora din var død. Så det er berre du og faren din som sit ved kjøkkenbordet om kvelden etter treninga og drikk kakao? Eg hadde sett for meg ein heil familie.

Helsing Julie

HEI, ALEX-TALLEX

Snart er det vinterferie, og vi skal reise til Trondheim og bu på hotell i to netter. Det er første gong eg bur på hotell.

Eg synest det høyrest hyggjeleg ut å ha ein pappa som er litt tjukk, særleg når det er fordi han er så glad i å bake kake.

Kva skal du gjere i vinterferien?

Ha det, Aleksissimo!

Julie

HEI PÅ DEG, A!

Det var fint i Trondheim, men godt å komme heim. Her kan ein gå inn på sitt eige rom og vere åleine, det går ikkje på eit hotell. Eg trur eg er ein som liker å vere åleine. Er du?

Du er så flink til å skrive, og du skriv alltid så lange, fine brev. Eg føler meg klumsete i forhold.

Eg prøver å finne på morosame ting å fortelje deg, men alt er så vanleg her. Eg er også vanleg. Når eg går langs vegen, så er det akkurat som om eg er usynleg.

Din venn (for vi er venner, er vi ikkje) Julie





KJÆRE ALEKSANDER

Eg veit ikkje om eg nokon gong kjem til å våge å sende deg denne e-posten.

For eg tenkjer ein ting om og om igjen, og det handlar om deg. Dette er det eg tenkjer:

Eg står under epletreet i hagen din og ser inn i stova di. De speler eit spel, og faren din går ut på kjøkkenet. Du reiser deg brått opp og ser ut. Eg går ut av skuggen frå epletreet så du kan sjå meg. Du blir ikkje overraska. Eg går opp til vindauga. Du opnar terrassedøra og kjem ut. Vi seier ikkje noko. Når faren din kjem inn i stova igjen, går vi inn og forbi han. Dette er Julie, seier du.

Oppgåver:

Sjå Elevbok 5A side 193.

Gjer oppgåvene 1a, 1b, 2a, 2b, 3, 4, 9 og 10.